



BERGEN OG HORDALAND TURLAG  
Tverrg 4-6  
5017 BERGEN

Dato: 21.04.2016  
Vår ref.: 2016/18-58  
Saksbehandlar: eirkniv  
Dykkar ref.:

## Tilskot på søknad om tilskot til friluftslivsføremål (kap. 1420 post 78) 2016 – Turposter Bergen - Bergen og Hordaland Turlag

Det vert vist til dykker søknad på den statlege ordninga om tilskot til friluftslivsføremål. Søknaden vart handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling, i møte 13.04.2016.  
De er tildelt kr 130.000 til turposter Bergen. Vedlagt ligg ytterlegare informasjon om fordeling av midlar samt søknadsvurdering.

### Grunnjeving

Miljø og klimadepartementet har for 2016 fordelt kr 55 mill til fylkeskommunane til tilskot til friluftsføremål, kap. 1420, post 78. Hordaland fylkeskommune er tildelt kr 1.750.000 til vidare fordeling.  
Det er 48 søknadar med ein samla søknadssum på kr 2.889.797, og tiltak i 19 kommunar.

Dykker søknad vart vurdert saman med andre søkerar opp mot kriteria og retningslinjene Miljø- og klimadepartementet har sett for ordninga. Friluftstiltak som stimulerer til direkte friluftsaktivitet, som til dømes organiserte turar, friluftsleirar, praktiske kurs og anna opplæring i friluftslivsaktivitetar. Deler av tilskotet kan nyttast til innkjøp av enkelt utstyr og materiell som medverker til å fremje friluftslivsaktivitetane. Vurderinga er og sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar knytt til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Den totale søknadssummen går langt ut over tilgjengelege midlar til fordeling.

### Føresetnader for tilsegnat.

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med søknaden. Føremål og innhald samt kostnads og finansieringsplan skal gjennomførast slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.)
  - Tilsegnsmottakar skal gjennomføra rapportering, levera rekneskap samt medverka til kontroll som nemnt under.
  - Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjera at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet, gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>.
- Om føresetnadene ikkje vert oppfylte, kan tilskotet bli skjønnsmessig avkorta eller falla bort.
- Erfaringar fra tiltaket skal tilgjengeleggjera for å ha overføringsverdi til andre organisasjonar.

Om føresetnadene ikkje vert oppfylt, kan tilskotet bli skjønnsmessig avkorta eller falle bort.

### Rapportering

Sluttrapport skal leverast gjennom Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter ([elektronisk søknadssenter](#)) innan 15. januar 2017.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

## Brot på vilkår og føresetnad

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende. Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt kan vedtaket om tildeling verte gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

## Klage/partsinnsyn

Det er klagerett på vedtak om midlar til friluftslivsaktivitet, då desse er enkeltvedtak jf. forvaltningsloven. Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

## Utbetaling - krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015.

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifa om IT-standard i offentleg forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling. For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.
  2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).
- Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

- *Link til fakturaportal* <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>

- *Link til brukarrettleiling*

<http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarrettleiling%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2016/18

Ressursnummer: 400006

Beløp: kr 130.000

Tilskotet blir utbetalt så snart Hordaland fylkeskommune får overført tildelte midlar frå Miljødirektoratet. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Har de spørsmål kan de kontakta rådgjevar Eirik Knive e-post [eirik.knive@hfk.no](mailto:eirik.knive@hfk.no) eller telefon 55 23 91 66

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Med venleg helsing

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
Fylkesidrettssjef

Sakshandsamar: Eirik Knive, rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*